

Interessen for bergdrift tok seg opp etter krigen, og undersøkelser viste at det var drivverdige kobbermalmforekomster i Repparfjord (ispedd noe gull og sølv.)

Dette førte til omfattende gruvedrift i regi av Folldal verk. Denne driften varte fra 1972 til 1978. Fall i priser og etterspørsel var årsaken til opphør i driften. Driften ble i ettertid kritisert for miljøskader med deponering av gruveavfall i Repparfjorden og for å etterlate seg «arr» i form av dagbrudd.

I ettertid har gruvegangene og området rundt, blitt nyttet til andre formål, herunder smoltoppdrett og eksperimenter vedrørende brann i tuneler. Erfaringer fra eksperimentene her ble benyttet under byggingen av «Kanaltunellen» mellom Frankrike og Storbritannia.

I tillegg har det her vært betydelige masseuttak av gråberg, til bruk i gassutvinning. Dette har i det store og hele blitt nyttet til tildekning av gassrørledninger på havbunnen i forbindelse med «Snøhvitprosjektet».

I skrivende stund foreligger det vedtak om ny drift i Repparfjord gruvene, i «Nussir»-området. Nyere metoder for undersøkelser av malmforekomster har påvist store malmreserver.

En form for bergdrift som også har tradisjoner er skiferdrift. Kommersielt har det vært drevet i Erdal i Repparfjord, men også på Stangnes på øysida. Noe større drift har ikke forekommert siden krigen.

Porsa – ein stad med kraftig tyding Ei kort historie om Porsa kraftverk

Av Julia Stangeland, Gjenreisningsmuseet for Finnmark og Nord-Troms, Museene for kystkultur og gjenreisning i Finnmark, IKS.



Porsaelva slik den var før den ble lagt i rør, til venstre skimtes den nye kraftstasjonen.

Foto privat

Porsa er både ei elv og eit vassdrag og det er mellom anna desse kjeldene sitt vassfall som dannar grunnlag for Porsa kraftverk si drift. Et lite samfunn vaks fram som ein konsekvens av etable-

ringa av Porsa Gruber og som seinare hadde Porsa kraftverk som sentrum. For dei som budde i Porsa bidrog ikkje berre kraftverket med straum i stikkontakten, kraftverket sørge òg for mat på bordet – all den tid kraftverket var arbeidsplass for dei fleste mennene i det vesle samfunnet. Frå den vesle staden med sine få innbyggjarar har sidan slutten av 1930-talet kome bidrag som har ført til at både Hammerfest by, dåverande Sørøysund kommune på Kvaløya og Kvalsund kommune, med vekslande hell, hadde ei stabil straumforsyning som kunne føre til eit moderne samfunn.

I 1938 kjøpte Hammerfest kommune Porsa kraft-



Kraftverket med rørgate som går inn i stasjonen 1939.

verk. Kraftverket var bygd ut i samband med Porsa Gruber sin aktivitet. Allereie i 1916 hadde Hammerfest fått tilbod om å kjøpe overskotskrafa til gruveselskapet. Trass i stor kraftterspurnad i Hammerfest, takka kommunen den gong nei. Dei ville satse på utbygging på Kvaløya. Kanskje spelte òg økonomiske og teknologiske avgrensingar ei rolle då kommunen takka nei. Ein rekna kanskje ikkje med at elektrisiteten ville komme heilt fram. I 1938 hadde den teknologiske utviklinga kome lengre, etterspurnaden hadde blitt stadig større og staten støtta eit interkommunalt initiativ og sette dessutan krav om at kraftverket, i Hammerfest sitt eige, òg skulle forsyne Kvalsund kommune og Sørøysund kommune på Kvaløya med straum. Sjølv om Hammerfest kommune kjøpte den største delen av kraftverket, kjøpte òg Sørøysund og Kvalsund kommunar kvar sin mindre part.

Arbeidet med å kople dei ulike stadane til kraftsentrumet Porsa tok til. Det blei sendt straum gjennom kabelen mellom Porsa og Hammerfest allereie i januar 1940, men først frå juli same år,

etter at den tyske okkupasjonen var eit faktum, blei høgspentlinja sett i permanent drift. I 1938 hadde berre om lag 25 prosent av finnmarkingane innlagt straum mot eit snitt på 75 prosent i resten av landet. Porsa kraftverk skulle bidra til at fleire fekk straum og at samfunnet på den måten kunne seiast å vere meir modernisert, men elektrisiteten var kanskje mindre viktig for dei private kundane enn for arbeidslivet. Det var kanskje fyrst og fremst næringslivet som ivra for stabil straumforsyning og stilte det som eit vilkår for sine verksemder. Stabil straumforsyning blei følgjeleg essensielt for å kunne sikre næringsutvikling og på den måten òg eksistensgrunnlaget, særleg for byane. Det såg heller ikkje ut til at det kunne bli straum nok.

Før 1938 vart det gjort fleire utbyggingar på Kvaløya for å forsyne Hammerfest by med straum. Etter kjøpet av Porsa kraftverk fekk altså òg landkommunane rundt betre tilgang til straum, men etterspurnaden var større enn det dei samla utbyggingane både på Kvaløya og Porsa hadde ført med seg. Under krigen starta ein nye utbyg-

gingar. Tyskarane brukte mykje straum, både i eigenskap av at nærværet deira medførte eit høgare befolkningstal, men òg fordi utbyggingar av til dømes filetfabrikken og anna aktivitet medførte eit auka straumforbruk. Utbyggingane blei fyrst starta opp på Kvaløya, men dei blei skrinlagt på grunn av manglende materiale og arbeidskraft. Ein gjekk derfor over til utbyggingar av Porsa kraftverk. Desse var ikkje fullførte då Porsa kraftverk blei øydelagd i samband med nedbrenninga og dei generelle øydeleggingane hausten og vinteren 1944/45.

Etter krigen kan etterspurnaden etter kraft stå som eit symbol for sjølve gjenreisinga. Etter kvart som folk kom tilbake var elektrisk kraft eit godt hjelpemiddel, ikkje minst i form av lys, for gjenreisinga. Vidare var behovet for kraft viktig for å få i gang næringslivet igjen og det blei viktig for å dra den generelle befolkninga med inn i det moderne Noreg. Etter kvart som folk og næringsliv kom tilbake, ville dei ha meir straum. Behovet for å gjenreise Porsa kraftverk meldte seg tidleg, og blei sett på som viktig for å kunne sikre nok kraft. Frå slutten av mars 1948 blei det igjen sendt ut elektrisk kraft frå Porsa. Utbyggingar og utbetringar har seinare blitt gjort i fleire omgangar. Døme på dette er utbygging av Nedre og Øvre Porsa kraftverk på slutten av 1950-talet.

Porsa kraftverk blir ofte skildra som eit middel til den utviklinga som områda rundt – og då særleg Hammerfest by – trengte for å sikre modernisering og stabil utvikling, både for næringslivet



Gamle fundament for rørgate i Porsa.

og innbyggjarane elles. Det er kanskje verdt å reflektere over at det ikkje er Hammerfest by som er sentrum i den elektriske forteljinga om Hammerfest, Sørøysund, Kvalsund, og seinare òg Hasvik kommunar. Kraftsentrummet ligg på ein liten stad ved Vargsundet og heiter Porsa. Moderniseringa har òg innhenta denne staden. I dag er det få som arbeider på kraftverket. Folk er innom for vedlikehald og anna tilsyn, men dei bur ikkje i Porsa. Den daglige drifta er fjernstyrt ved hjelp av dataknologi. Samfunnet som ein gong vaks fram for å fyrst sikre gruvedrift og seinare kraftforsyninga, finst nesten ikkje lenger. Porsa er knapt skildra, verken på internett eller i bøker, men staden har likevel hatt – og har – ei kraftig tyding.